

"Kokke-Marte"

Nedskriverens navn Johan Kankrud

Adresse

Fødselsår

Fødested

Er det egne opplevelser som skildres? Nei

Fortellerens navn "Kokke-Marthe" (oppkrevet 1959)

Adresse Østre Gausdal

Fødselsår ?

Fødested

Ei husmannskjerring i Østre Gausdal som greidde seg sjøl.

Den som for etter vegen nærst i Bygda (Østre Gausdal) i 1920 aarene kunde ofte møte ei gaamøill røslig kjerring, Kokke-Marte. Vinterstid gjekk ho støtt mitt i vægen, for der var det øykjemøkk. Den som kjørte laut ofte stane mens ho gjekk forbi. Somme tider vilde ho prate au, "Eg går midt i vegen eg damma, for der er det inte saa kalt paa føtom, øykemøkka er inte saa kall som snogen, ogsaa er det inte haalt der." Men haaffer hadde ho inte beksomsko med tjukke suler. "Nei, eg er inte goffer aa ha naagga tongt paa føtom". Ho gjekk me sko me tunne suler baade vinter og sommer. Om vinteren var det best aa gaa mitt i vegen og sommerstida naar vegen var grusa, var graskanten best. Somme tider bar ho med seg vedpinner, andre gonger kunne ho ha ein tull under haana, ein tull med filler saag det ut til aa vera, men inni var det nokk eit ell' anna kremervarer ell` somt ho hadde faatt med seg fraa gardom der ho hadde vore inne. Hvis det inte var riktig styggver, var ho som oftest ute og fekk middag paa gardom i grenna. Ho hadde komunal alderdomspensjon, men av dei pengene brukte ho svert lite, ho hadde dei pengene i ei veske. Ho vilde kanskje livd lenger, men det henna naaggaa. Det hadde vore kommunevalg, og merkelig nok var det blitt valgt inn noen nye medlemmer til herredsstyret. Og da alderdomspensjonene skulde behandles og bevilges, vart det opplyst at ho Marte inte behøvde noen pensjon, ho hadde penger sjøl. Ja saa vart pensjonen til Marte inndratt. Det bar ho seg stygt ille for – som naa rimeleg kunde vera: "Hørt ell' naaggaa slikt! Eg som har greidd meg sjøl gjennom heile livet! Skulde inte eg..." "Ho tok segsvert ner taa dette, det vart messom inte naaggaa aa leva lenger etter da, - nar ho ingen pensjon fekk. Ho vart borte taa veigjom. Ho var laak. Og da dei skjønna at det bar mot slutten med Marte, kom sønnen hennes og henta ho hem til seg. Dei fekk ho oppaa slean, men dei fekk inte lov til aa kjøre. Haa var det? Hadde ho inte med seg alt? Tilslutt fann ho fram til haa det var som vanta. "Veska!" sa ho. "Veska!" Ja, dei fann veska henne, og ho fekk ha den hos seg i senga dei faa jamndøger ho livde etter flytinga. Ho døydde 2. desember 1928, utsliitt, gammel, og mett av dage. Det var inte alminneleg enda med begravelsespenger fraa kommunen eill` trygdekadda. Men ho Kokke-Marte hadde penger sjøl. Dei slapp aa ha utgifter for aa faa henne satt jorda.

Sup dyktogt kaal."

Dette var mea ho Marte var berre ei simpel husmannskjerring. Det var ikke brukte maskiner på aakren den tid. Somme brukte nokk jaa, men skjyrua var viktigste redskapen i skuronna. Og Marte skar "maal aa dagen" saa ratt som noen kar. Ho hadde med seg dei 2 ungane sine. Kaal var det almindeligste til middag paa gardom. Ungane til Marte var saavist ikke forvente og

matleie, men ho rettleidde døm da ved middagsbordet: "Sup dyktogt kaal naa, saa drekk døkk mjolk da etterpaa, saa heill døkk metta døkker". Ja det er nokk sant og vist, atr den som har god innretning og kan supe mye kaal og drekke mye mjolk, kan bie lengje.

Jau, jau.

Dete var etter at ho Marte hadde bynt som kokke. Ho var i eit storlag paa ein gard. Og som ho dreiv og rumsterte som hardest med gryter og panner, datt stakken taa`n. "Jau ,jau"! Sa ho Marte. Det vart eit ordtøke detta naar naggaa henna oventan. Jau, jau! Sa ho Kokke-Marte da stakken datt taa.

Berre naaggaa bein.

Presten Erichsen hadde stor familje, og mange av borna var i by`n paa skule erl`studerte ved Universitetet. Naar dei alle kom hem til juleferi ell` ved andre anledninger, vart det for mye kokking og stell for Prestefruga. Da ble Marte henta, og kokkinga og arbean gjekk unna i ein fei. Erichsen var bondeøn og litt av ein hestkar. Han kjørte sjøl til Follebukjørkjja og til alle møter og sjukebesøk. Til Volds Mølle med kveinnlass kjørte han ogsaa som oftest sjøl, og Kokke – Marte henta han,naar dei skulde ha ho i prestegarden. Saa var det eingong etter paaskeferia at Presten kjørte Marte hematt. Han kasta utor breislean pjanket hennes. Men saa var det ein sekk som han syntes var naaggaa diger og tong. "Men kjere Marte da, hvad har du i sekken?" Aa, detta er naaggaa bein som fruga ga meg, eg kan koke døm oppatt, eg".

"Jassaa?" sa presten og var mistenksom. Han trudde sikkert det var meir enn noen bein i sekken, men nevnte ingenting om dette til Fruga. Marte var god aa finne til hjelp i Prestegarden mange gonger etter denne paaskeferia au. Men Erichsen hadde mye moro ved aa fortelja til andre ein ell` an gong i godt lag om kjøttbeina til Marte Kokke.

Med Finnguten.

Det var først etter at Marte vart enkje ho "kom seg". Mannen, Nils Valdris, døydde. Men ho var eit godt arbeidsmenneske, var nøysom og greidde seg sjøl og ongane til dei vart vaksne og flinke arbeidsfolk. Paa Gausdal Sanatorium raakte ho Marte inni eit par rikfolk fraa Finnfolk- Desse folkan hadde ein halvstor gut som var litt "tomsette", og ho fikk jobb som pleierske. Ho var med desse finnfolkom paa reisr her i landet, og ho var ogsaa med i Finland. Marte tente godt i den tid. Etter det ble slutt med Finnguten lerte ho seg til aa bli kokke. Ho flyttet tinn i stuggua si som ho hadde faatt fløtt ned til begen paa Frøysehagen og dreiv paa arbe i gardom, mest som kokke i likferder, bryllop og i storlag – naar det var noe slikt. Betalinga var nokk inte saa stor den tid, men det var som oftest naaggaa aa faa med seg hemmet fraa slike lag. Forresten saa var ho til hjelp paa gaardom om det inte var lag, au. I Prestgarda sto ho ti lengje.

Ho Marte vart reidd.

Eingong vart ho Marte reidd for aalvor, sa ho. Det var stappende mørkt tidleg ein haustmaaraa i Stavsmartnesti`n. Det var noen uti vegen som skreik: Marte! Marte! Staa opp! Ho trudde fyst det var noen jyplinger som var fulle. Men saa trampa det og skraapaa saa i veiga og noen helt paa aa skrike paa Marte, I jøssunam, haa er paa ferd! Ho reiv paa seg ein stakk og drog ut! Og der! Der satt hann Amund Lie i karjola og niheldt paa ein kaat gamp! "Du lyt laane meg eit votter, Marte! Eg skal paa martna`n og hell paa og frøyse taa meg fingran!" Ja, Marte fann eit par fillette votter, og saa var det inte saa farlig dette levenet lell. Liessen for som ein strek bortinom vegen, og Marte tufsa seg innatt og fikk gjort opp varme i ovnen. Seinere eingong den hausten var Marte paa Lie –til middags og attpaa middagen fekk ho eit par nye votter. Amund sa at ho skulde ok haft att dessa fillene han fekk laant, au, men han hadde kasta døm

bort paa martna'n og kjøft 2 par nye. "Det var skam taa deg Marte aa laane bort saa fillette votter," sa Liessen "Men saa fekk eg da att nye", sa ho Marte. "Tusen takk".

Haa er de som heng med meg.

Eingong var ho Marte inn til middag paa naboplassen. Det var mange onger der. Paa eit bord laa det ein bunding og noen garnnyster. Ho roste svert den vakre bundingen og garnet, og ongene staaka omkring henne. Saa kom dei 2 største gutongan paa at dei vilde gjera Marte eit puss. Dei lura eit garnnyste nedi stakklomma hennes, og det var det nyste som bundingen var festa til. Da ho skulle gaa att drog ho bundingen med seg. Alle satte ti aa skratte, og ho Marte sa: "Nei, haa er det som heng med meg!" Det au vart eit ordtøke. Naar ein fekk tak i naaggaa som en helst inte burde ha. Haa er det som heng med meg!

2 bytter poteter i stakken.

Ho Marte kom eingong forbi der det helt paa ein mann og grov poteter. Ho syntes det var sver til pene jordepler. Aa nei, aa nei, saa svere epler! Mannen sjønte ho vilde ha noen. Saa han tok ei bytte og vilde gje henne. "Men gudbere eg har inte naaggaa aa bera døm ti -- - jau!" sa ho Marte, ho var inte raadlaus ho. "Tøm døm oppi stakken min!" Ho tok opp stakken som var baade si og vi. Og mannen tømte bytta oppi stakken og tok ei bytte til, au, og tømte oppi. "Aa nei, aa nei! Og tusen takk" "fem hundre er nokk", sa mannen. Men den gongen heldt ho Marthe paa og skulde gaatt "oppgjev" før ho kom hematt med di potetom i stakka sine.